

SULDAL KONTROLLUTVAL**INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET**

Dato: torsdag 20. april 2023
Tid: kl. 10.00
Stad: Suldal kommunehus, formannskapssalen.

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

Kommunedirektøren er invitert

SAKLISTE:

06/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 09.02.23

07/23 Uttale til årsrekneskap og årsmelding for 2022

**08/23 Forenkla etterlevingskontroll for rekneskapsåret 2022 –
revisor si attestasjon om økonomiforvaltninga**

09/23 Referat- og orienteringssaker 20.04.23

Ymse

Aksdal, 13.04.23

Tormod Skeie
Kontrollutvalsleiar

Sjur Hatlen
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (er invitert)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	20.04.23	06/23

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Sjur Hatlen	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 09.02.23

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 09.02.23 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: protokoll frå kontrollutvalsmøte 09.02.23

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 09.02.23 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 13.04.23

Sjur Hatlen
Rådgjevar/utvalssekretær

SULDAL KONTROLLUTVAL**PROTOKOLL**

Torsdag **9. februar 2023** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leing av leiar Tormod Skeie.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, møterom 2. etg.
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – 11.40
MØTANDE MEDLEMMER:	Tormod Skeie (SV), Eldbjørg Sivertsen (Uavh.), Henrik Halsne (Ap) Ragnhild Sukka (V) og Per Gudmund Øxtra (Sp).
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar Odd Gunnar Høie og rådgjevar Sjur Hatlen - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS:	Leiar forvaltningsrevisjon Silje Nygård på Teams
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Ingen.
ANDRE SOM MØTTE:	Styremedlemmer frå Gullingen Utviklingsselskap AS, Ingemund Kvæstad og Gjertrud Halsne i sak 2
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 01/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 10.11.22****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 10.11.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 09.02.23:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.02.23:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 10.11.22 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 02/23 GULLINGEN UTVIKLINGSSKAP AS – ORIENTERING OM SELSKAPET

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tek gjennomgangen om Gullingen Utviklingsselskap AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 09.02.23:

Styremedlem Gjertrud Halsne og Ingemund Kvæstad orienterte om selskapet og viste ein kort presentasjon. Selskapet vart stifta i 2007 med eir arbeidande styre, utan tilsette. Saman gjorde dei greie for føremålet til selskapet som er: «Regulere, utvikle- og utbygge hytte- og fritidsområde rundt Mosvatnet ved Gullingen i Suldal kommune.» Bakgrunn er hytteplanar frå 1970 – talet. Planområdet og reguleringsplan er på 21 000 dekar og omfattar 12 grunneigarar. Prosjektkostnad er 19 millionar og selskapet har 10,7 millionar i lån. Selskapet har ledige hyttetomter.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om tal på hytter, om samarbeidet har vor ein fordel for grunneigarane og om det har vore problem med å ha kommunen som eigar.

Leiar takk for ein interessant og lærerik orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.02.23:

Suldal kontrollutval tek gjennomgangen om Gullingen Utviklingsselskap AS til orientering.

SAK 03/23 TINGING AV NYTT FORVALTNINGREVISJONS-PROSJEKT «FØREBYGGING OG TIDLEG INNSATS»

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tingar ein revisjonsrapport om «Førebygging og tidleg innsats» i samsvar prosjektmandatet dagsett 15.12.22 (med dei endringane som kjem fram i møtet.)

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 300 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 09.02.23:

Silje Nygård deltok på Teams og gjorde greie for mandatet og korleis problemstillingane er tenkt svara ut.

Medlemmene drøfta framlegg til problemstillingane og spurte om to skular og barnehagar var dekkande, samt om føresatt ville bli involvert. Revisor svara og ville tilpassa prosjektet. Det vil ikkje være mogleg å intervjuar og spørja føresette innanfor mandatet sine rammar.

Utvalet blei samd om å tinga prosjektet i samsvar med framlegget til prosjektmandat.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.02.23:

Suldal kontrollutval tingar ein revisjonsrapport om «Førebygging og tidleg innsats» i samsvar prosjektmandatet dagsett 15.12.22.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 300 timar.

SAK 04/23 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING FOR 2022

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2022 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2022 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 09.02.23:

Utvalet hadde følgjande merknad til årsmeldinga. Tormod Skeie og Henrik Halsne har blitt faste medlem av kommunestyret. Utvalet sakna betre informasjon om kontrollutvalet på kommunen sine nettsider. Det blei også kommentert at regnskapstala som er motteke frå administrasjonen ikkje stemmer. Sekretariatet vil oppdatere årsmeldinga før den blir vidaresendt til kommunestyret.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.02.23:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2022 med ovannemnde endringar.

Innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2022 frå kontrollutvalet til orientering.

SAK 05/23 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

1. Statusoversyn pr. februar 2023
2. Perioderapportering pr. 31.12.22 frå Rogaland Revisjon
3. Brev frå «La Sandsfjorden Leva» om «Uro vedrørende sakshandsaminga omkring økonomiske innskot i Windworks Jelsa», dagsett 18.12.22.
4. Protokoll frå ekstraord. generalforsamling i Haugaland Kraft AS 21.12.22
5. NKRF sin kontrollutvalgskonferanse 1. - 2. februar - oppsummering v/sekretær
6. Invitasjon til FKT-fagkonferanse 31.05 – 01.06 i Trondheim
7. Statsforvaltaren i Rogaland - Informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2023

Handsaming i kontrollutvalet 09.02.23:

Leiar kommenterte brevet frå «La Sandsfjorden leva». Han refererte også frå budsjetthandsaminga i kommunestyret. Medlemmene drøfta brevet frå «La Sandsfjorden leva», og blei samde om følgjande vedtak:

«Suldal kontrollutval går ikkje vidare med «La Sandsfjorden Leva» si oppmoding. Kontrollutvalet driv med etterkontroll og vil vera atterhalden med å gå inn i sakskomplekset.»

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.02.23:

Suldal kontrollutval tek referat- og orienteringssakene 1 – 7 til orientering.

Suldal kontrollutval går ikkje vidare med «La Sandsfjorden Leva» si oppmoding. Kontrollutvalet driv med etterkontroll og vil vera atterhalden med å gå inn i sakskomplekset.

YMSE

RSK-fondet

Leiar viste til annonse for RSK-fondet i Suldalsposten, og bruken av personleg e-post i samanheng med søking om midlar frå fondet. Han viste til revisor sin rapport og handsaminga av saka i kommunestyret. Sekretær vil kontakta kommunedirektøren for å følgje dette opp.

Neste møte: torsdag 20.04.23, kl. 10.00.

Saker: orientering om Suldal Vekst AS, årsrekneskapen for 2022 og forenkla etterlevingskontroll.

Sand/Aksdal, 09.02.23

Tormod Skeie
Leiar

Sjur Hatlen
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr.
Kontrollutvalet	20.04.23	07/23
Formannskapet		
Kommunestyret		

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Sjur Hatlen	212	

UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2022

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling:

Suldal kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2022 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegg).

Kontrollutvalet tilrår at Suldal kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022.

Vedlegg:

1. Framlegg til uttale til årsrekneskap og årsmelding for 2022
2. Uavhengig revisors beretning - frå Rogaland Revisjon IKS
3. Årsoppgjørnotat 2022 – frå Rogaland Revisjon IKS
4. Årsmelding og årsrekneskap 2022 – eige vedlegg

Innleiing

Sekretariatet vil vise til vedlagte dokument. Heile rekneskapen med notar og årsrapport for 2022 ligg også på kommunen si nettside. Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor vil vere til stades i møtet for å presentere årsrekneskapen og svare på spørsmål.

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal etter kommunelova § 14-3 tredje ledd gje uttale om årsrekneskapet og årsmeldinga. Uttalen skal sendast til kommunestyret med kopi til formannskapet. Uttalen må vere klar før formannskapet skal gje si innstilling til årsrekneskapet og årsmeldinga.

Vidare står det også i forskrift om kontrollutval og revisjon § 3:

«Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsmeldingen før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak».

Rekneskapen må difor fyrst leggjast fram for kontrollutvalet før det vert handsama i formannskapet. Kontrollutvalet skal også sjå til at rekneskapsrevisor sine påpekingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller følgt opp. Dersom påpekingane ikkje blir retta eller følgt opp, skal kontrollutvalet rapportere det til kommunestyret.

Hovudformålet med økonomiforvaltninga etter kommunelova § 14-1 er å ivareta økonomisk handleevne. Kommunestyret skal sjølv vedta finansielle måltall for utviklinga av kommunens økonomi, og vil normalt omtale utviklinga i finansielle måltall i årsmeldinga.

Kontrollutvalet kan velje å kommentere utviklinga av måltalla. Det same gjeld kommunens økonomiske situasjon som heilskap, men dette må basera seg på årsmeldinga og må vere ei nøktern vurdering frå kontrollutvalet si side. Det er kommunestyret som har stått for alt låneopptak i ein kommune og kontrollutvalet skal ikkje kritisere slike disposisjonar.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Suldal kommune sitt avlagde årsrekneskap for 2022 og notar, revisjonsmeldinga, revisjonsrapport og kommunedirektøren si årsmelding.

Årsrekneskapen

Rekneskapen for 2022 viser kr 922 670 316 til fordeling drift. Netto driftsresultat blei på 255,7 mill. kr mot regulert budsjett på 226,5 mill.kr. Det utgjør 27,7 % av samla driftsinntekter.

Resultatet enda rundt 234,6 mill. kr høgare enn budsjettet. I 2022 fekk Suldal kommune 130,4 mill. i eigedomsskatt.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene blir nytta som et mål på økonomisk handlingsfridom. Teknisk berekningsutval (TBU) og KS tilrår at denne storleiken over tid bør liggje på rundt 1,75 prosent for å ha ein sunn økonomi. I 2020 var netto driftsresultatet på 5,7 %, og i 2021 var det 19,2 %. Resultata ligg godt øve det TBU tilrår og kommunen sitt eige måltal på 4,5 %.

Pr 31.12.2022 har Suldal kommune ei langsiktig gjeld, på 291,1 mill. kroner. Startlån utgjør om lag 34 mill. kroner. Totalt sett utgjør Suldal kommune si langsiktige gjeld 21,3 % av kommunens brutto driftsinntekter, og det blir rekna som lågt samanlikna med andre kommunar.

Investeringsrekneskapen

Sum utgifter i investeringsrekneskapen i 2022 er på 52,5 mill. kr. Regulert budsjett var på 70,8 millionar kroner. Avviket mellom budsjett og rekneskap skuldast i all hovudsak tidsforskyving og etterslep av investeringar.

Landet generelt - frå Kommunal Rapport 23.03.23

I gjennomsnitt leverte norske kommuner et netto driftsresultat på 3 prosent av brutto driftsinntekter i fjor. Resultatet er godt over anbefalingene fra Teknisk beregningsutvalg (TBU) på 1,75 prosent, og KS har gitt uttrykk for at de er fornøyde med resultatet.

Et nærmere blikk på de foreløpige regnskapstallene fra SSB viser en kraftig økning av antall kommuner med negativt driftsresultat det siste året.

.....

Departementet mener at samlet sett er den økonomiske situasjonen i kommunene god, og det vises blant annet til at ved utgangen av fjoråret hadde kommunene til sammen nærmere 100 milliarder kroner stående i disposisjonsfond, og at nesten alle kommunene med negative driftsresultater kunne dekke dette ved bruk av sine fond.

Kommunane på Haugalandet hadde i 2022 følgjande netto driftsresultat:

Suldal 27,7 %, Utsira 18,5 %, Tysvær 9,8 %, Bokn 9 %, Vindafjord 6,2 %, Karmøy 4,6 %, Sveio 3,5 %, Etne 2,2 %, Haugesund 2,1 % og Sauda 1,3 %.

Årsmelding/årsrapport

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding/-rapport som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stoda og resultatet av verksemda, samt om andre forhold av vesentleg tyding for kommunen.

Årsmeldinga gjer utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringar på avvik er gjort nærare greie for i rapporten.

I årsmeldinga har kommunedirektøren kome med mellom anna følgjande kommentar om økonomien:

Suldal kommune fekk eit netto driftsresultat på 255,8 mill. kr i 2022. Dette tilsvarar 27,72 prosent av driftsinntektene. Resultatet er historisk. Meir skatt, rammetilskot, tilskot frå Havbruksfondet, utbytte og renteinntekter saman med store inntekter på sal av konsesjonskraft utgjer største delen av netto driftsresultat. Suldal kommune sel konsesjonskrafta i spotmarknaden. Dette har gitt eit svært godt resultat i 2022 på 274 mill kr. Vårt prisområde blir påverka av energisituasjonen i Europa.

Inntektene gjev Suldal unike moglegheiter til å gjere store investeringar for fellesskapet. Kulturhuset, Suldal bad, Framtidas omsorg, kjøp av Ryggtun er resultat av dette. Resultatet i 2022 gjer at Suldal kan setje av økonomiske midlar til store investeringar og vanskelege tider og samstundes halde lånegraden låg.

Revisor si revisjonsmelding

Revisjonen har lagt fram si revisjonsmelding, dagsett 12. april 2023. Revisor har avlagt så kalla «rein» melding eller standardberetning, dvs. utan atterhald eller presiseringar.

Revisor konkluderer med at:

Vi har revidert årsrekneskapen for Suldal Kommune som viser eit netto driftsresultat på kr 255 756 250. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2022, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening

- *oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og*
- *gir årsregnskapen i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.*

Revisor har, i tillegg til meldinga, også kome med eit årsoppgjersnotat. Revisor konkluderer med følgjande i årsoppgjersnotatet:

Vår vurdering er at vi gjennom revisjonen har oppnådd tryggande sikring for at rekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil. Gjennomgang av årsrapport og bokføringsrutinar har heller ikkje avdekket vesentlege avvik.

Våre konklusjonar om årsrekneskapen, årsmeldinga, budsjettoppfølging samt registrering og oppfølging av rekneskapsopplysningar er positive.

Kontrollutvalet har i høve med forskrift om kontrollutval og revisjon § 4 ansvaret for å sjå til at dei merknader revisor har gjort, vert følgt opp. Dette gjeld likevel ikkje merknader om laupande forbetring og effektivisering av normal drift. For 2022 er det ingen forhold kontrollutvalet har plikt til å følgje opp i høve til avhending av rekneskapen.

I møtet vil revisor gje ei munnleg orientering om innhaldet om revisjonen gjennom året og av årsoppgjeret.

Meldinga frå revisor dannar grunnlaget for om den oppfølginga kontrollutvalet eventuelt må foreta i medhald av kommunelova § 24-7. Kontrollutvalet må vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på noko som revisjonen eventuelt tar opp i møtet.

Sekretariatet meiner ut frå det tilsendte ikkje at det er naudsynt å be om nokon tilbakemelding..

Kontrollutvalet sin uttale

Sekretariatet held seg til dei dokumenta som kommunen har vidaresendt, samt revisjonsberetning og årsoppgjersnotat frå revisor.

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen og årsmelding som vedlegg 1.

Kontrollutvalet må vurdere om det er forhold i årsrekneskapen dei vil kommentera særskilt i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orienteringa gjeve i møtet.

Aksdal, 13.04.23

Sjur Hatlen
Rådgjevar/utvalssekretær

Til kommunestyret i Suldal

Kontrollutvalet sin uttale om Suldal kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2022

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 20.04.23, sak 07/23 handsama årsrekneskap og årsmelding for 2022 for Suldal kommune, samt tilhøyrande revisjonsmelding dagsett 12.04.23. Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, revisjonsmelding, revisjonsrapport og kommunedirektøren si årsmelding 2022. I tillegg har revisor og representantar for administrasjonen supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaminga av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sin uttale:

Suldal kommune har i 2022 eit positivt netto driftsresultat med 255,7 mill. kr, som utgjer 27,7 % av driftsinntektene. Det er eit særst godt resultat, og betre enn i 2021, som var på 19,2 %. Resultatet i 2022 er godt øve teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75% og kommunen sitt eige måltal på 4,5 %.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2022, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2022 og for kommunen si økonomiske stoda pr. 31.12.22.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, som er kome fram i dialog med revisor, som kunne hatt noko å seie for utvalet sin uttale, jf. kommuneloven § 24-5.

Ut over ovannemnde og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet, samt revisors orientering om årsoppgjeret og revisjonsmeldinga, har ikkje kontrollutvalet merknader til årsrekneskapen til Suldal kommune for 2022.

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022.

Sand, 20.04.23

Tormod Skeie
Leiar av kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet i Suldal

Til kommunestyret i Suldal Kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Kommunedirektøren
Kommunerådet

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Suldal Kommune som viser eit netto driftsresultat på kr 255 756 250. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2022, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gir årsrekneskapen i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Noreg og International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta "Revisors oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen". Vi er uavhengige av kommunen i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga eller anna ytterlegare informasjon tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav, og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelovas regler og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik internkontroll ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar, på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av internkontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.

- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av kommunedirektøren, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og Kommunedirektøren, mellom anna om det planlagde innhaldet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i internkontroll som vi avdekker i løpet av revisjonen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Suldal Kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Kommunedirektøren sitt ansvar for å forklare budsjettavvik

Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne premisser for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal Kommunedirektøren forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei fråsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Forenkla etterlevingskontroll av vesentlege budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat

sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjøn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Stavanger, 12.04.2023

Rogaland Revisjon Iks

Elektronsik signert

Tore Kristensen

Statsautorisert revisor

Suldal kommune

Årsoppgjersnotat 2022



13. april 2023

Til:

Kommunestyret i Suldal

*Kopi:*Kommunedirektør i Suldal kommune
Kontrollutvalet

1 INNLEIING

Kommunelovas reglar om tilsyn, kontroll og revisjon går fram av lovas sjuande del. Revisor sine oppgåver følgjer av kapittel 23 og 24 og kan oppsummerast slik:

- Gjennomføre rekneskapsrevisjon
 - ✓ Vurdere om årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk
 - ✓ Sjå etter at årsrekneskapen stemmer med budsjett eller andre gyldige vedtak
 - ✓ Vurdere om opplysningane i årsmeldinga er konsistente med årsrekneskapen
 - ✓ Vurdere om kommunen har oppfylt sine plikter med omsyn til tilfredsstillande registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar
 - ✓ Sjå etter at kommunen har ordna den økonomiske internkontrollen på ein tryggande måte
 - ✓ Bidra til å førebygge og avdekke mishald og feil. Eventuelle konstaterte mishald skal straks meldast til kontrollutvalet
- Utføre forvaltningsrevisjon og selskapskontrollar etter bestilling frå kontrollutvalet.

Resultata av rekneskapsrevisjonen er rapportert i vår revisjonsberetning datert 12.04.2023.

Dette årsoppgjersnotatet inneheld ei oppsummering av årets revisjon og knyt ein del kommentarar til den framlagte årsrekneskapen og årsmeldinga.

2 KOMMENTARAR TIL ÅRSREKNESKAPEN

Årsrekneskapen for 2022 er gjort opp med eit netto driftsresultat på 255,7 mill. kr eller 27,7 % av driftsinntektene og ligg langt over kommunen si eiga målsetning om eit netto driftsresultat på 4,5 %. Tilsvarende resultat for 2021 var på 133,9 mill. kr eller 19,2 % av driftsinntektene. Opphavelag budsjett hadde eit netto driftsresultat på ca. 21,1 %. Resultatet er dermed 234,6 mill. kr betre enn opphavelag budsjett. Kommunen sitt budsjett har blitt regulert gjennom året i tråd med regelverket i kommunelova, slik at regulert budsjett har eit netto driftsresultat på heile 226,5 mill. kr.

Årsakene til det gode resultatet er fleire, men hovudårsaken ligg i dei høge straumprisane og kommunen sitt sal av konsesjonskraft. Det er likevel også ein auke i skatt og rammetilskot ut over regulert budsjett med 9,2 mill. kr. Eigedomsskatten er omtrent som budsjettert, men har ein reduksjon i høve til 2021 på om lag 13,1 mill. kr.

Kostnadar til løn og sosiale utgifter har hatt ein auke på 1,6 % sidan 2021 og ligg omtrent 8,7 mill. kr under regulert budsjett.

Den frie eigenkapitalen i form av disposisjonsfond er på 497,8 mill. kr. Dette utgjer ca. 53,9 % av kommunen sine driftsinntekter og reknast som svært høgt samanlikna med andre kommunar.

Netto lånegjeld¹ utgjør 21,3 % av brutto driftsinntekter og reknast som svært lågt samanlikna med andre kommunar.

Sjå elles til fyldig og god omtale i årsmeldinga av tenestetilbodet og den økonomiske situasjonen.

3 RESULTAT AV REVISJONEN DETTE ÅRET

3.1 INTERN KONTROLL

Med intern kontroll meinast i denne samanhengen alle aktivitetar som er satt i verk for å sikre at dei fastsette måla blir nådd. Ein sentral føresetnad for at den interne kontrollen skal vere tilfredsstillande, er at den er godt forankra på leiarnivå.

Vi gjennomgår dei sentrale rekneskapsrutinane årleg, der dei interne kontrollane blir testa og det blir utført detaljkontrollar av enkelttransaksjonar. Nedanfor følgjer en oppsummering av våre funn:

Lønsrutinen:

Det er ikkje avdekka vesentlege feil i våre stikkprøvekontrollar av løn gjennom året. Rutinane for fast og variabel løn fungerer tilfredsstillande. Kommunen sin rutine for tilbagemelding på kontroll av lønsjournal før utlønning kan forbetrast. Tilbakemeldingane ligg normalt mellom 65 og 80 %.

Innkjøpsrutinen:

Innkjøpsrutinen vert kontrollert i samband med stadfesting av dei terminvise momskompensasjonskrava. Det er tilfredsstillande interne kontrollrutinar på dette området, der kommunen sjølv gjer nødvendige rettingar av feil. Omfanget av feil er små og vert retta fortløpande.

Det blei i 2021 gitt negativ erklæring for oppfølging av legitimasjonskrava i bokføringslova for gåver, bevertning og reiser. Det er krav i forskrift at utgifter til gåver, bevertning og reiser skal merkast med føremål og kven utgifta gjeld. Vi har hatt ein oppfølging av dette i 2022, og kontrollert om legitimering av tilsvarande utgifter har blitt forbetra. Gjennomgangen synar at legitimering av reiser og bevertning er vesentleg forbetra, men at ein framleis må forbetra rutinane for legitimering av gåver og representasjon.

I kontroll av kommunen si etterleving av lov om offentlege anskaffingar fann revisor to større kjøp som ikkje er utført i tråd med regelverket. Sjå elles erklæring for forenkla etterlevingskontroll.

Kommunen har i 2022 blitt klaga inn til KOFA (Klageorganet for offentlege anskaffingar). Klaga vart ferdig behandla i 2023, der kommunen vart dømt for brot på regelverket. Konsekvensen var ny utlysing.

Brukarbetalingar og husleige:

Vår gjennomgang av foreldrebetaling for barnehage, SFO og kulturskole, brukarbetaling frå pleie og omsorg inkludert etteroppgjer, synar at dei interne rutinane fungerer tilfredsstillande. Dette gjeld også for inntekter frå sakshandsaming teknisk etat, kommunale avgifter frå vatn og avløp, samt husleige. Det er ikkje avdekka vesentlege feil eller avvik.

Inntekter frå sal Kulturhuset er avstemt og funne i orden.

Inntekter frå legekantoret er avstemt mot årsrapport frå legesystem og funne i orden.

¹ Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld ekskl. pensjonsforplikting, der totale utlån og ubrukte lånemidlar er trekt frå.

Overføringsområdet:

Utgifter til barnevern og sosialhjelp er kontrollert utan at me har avdekka vesentlege feil eller manglar.

